



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.06.2017
Vår ref.: 2016/2517-11
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til ny høyring av reguleringsplan Keilen Vest, plan-id 1263-201105 - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 10.mai 2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Keilen Vest, Lindås kommune. Planen var på første gongs høyring i 2016. Planen er no lagt ut på ny høyring etter motsegn frå Austrheim kommune knytt til trafikksikring.

Hordaland fylkeskommune vurderer den nye reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: www.hordaland.no.

Vurdering

Reguleringsplanen for Keilen Vest var på høyring i 2016. I planen vart det lagt tilrette for bustad, naust og småbåtanlegg. Hordaland fylkeskommune gav fråsegn til planen i brev av 6.april 2016. I fråsegna rådde vi frå å etablere eit større bustadområde på Keilen grunna avstand til senterområder, skule og eit godt kollektivtilbod. Utbygging i området vil medføre at det meste av transporten vil vere bilbaserte, og for skuleelevane vil det være lite aktuelt å gå eller sykle til skulen.

Kommunen har i sitt saksframlegg lagt vekt på å sikre trafikkforholda generelt. Det er positivt at det er stilt krav til etablering av eit gang/sykkel- tilbod til krysset i fylkesvegen. Samstundes vil tilhøve langs fylkesvegen ikkje vere tilfredstillande for myke trafikantar, og det er usikkert når eit godt tilbod til denne trafikantgruppa kjem på plass.

Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert knytt rekkjefølgjekrav til trafikksikring. Når det gjeld det øvrige planmaterialet vert det opplyst om at dette vil kome ut som eiga utsending seinare.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til endringane i rekkjefølgjekrav. Vi viser til fråsegn i brev den 6.april 2016 der vi rår frå planforslaget grunna omsynet til areal og transport og strandsone. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Gunnhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest